

## Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 06.12.2016

**Kjell Håland (A)** sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av A, Krf og Sp.:

Nytt pkt.10:

«Fylkestinget ber om at det i det vidare arbeidet med Klimaplanen og handlingsprogrammet vert prioritert å utarbeida ein strategi for bioøkonomi i Hordaland i samsvar med den nasjonale strategien.

Som ein del av denne strategien skal fylkeskommunen vere ein pådrivar for at bruk av biogass skal verte eit reelt alternativ for aktørar i transportbransjen.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 til 9 vart samrøystes vedteke.

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 (klimabudsjettet) vert handsama i fylkesbudsjettet for 2017.
3. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre vesentlege justeringar.
5. I samarbeid med klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling årleg gå gjennom korleis fylkeskommunen kan få til naudsynte kutt i klimagassutslepp frå eiga verksemd og i fylket generelt.
6. I samarbeid med klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling gå gjennom korleis fylkeskommunen skal vurdere klimarelevans og -konsekvens i sakshandsaminga.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen informere i eiga sak om den fylkeskommunale innsatsen for, og andre relevante initiativ knytt til hydrogen innan sektorane samferdsel, energi og næring. Vidare ber Fylkestinget administrasjonen om å vurdere og foreslå korleis fylkeskommunen kan arbeide strategisk og heilskapleg vidare med hydrogen.
8. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere korleis bioøkonomi og grøn økonomi kan definerast nærare og konkretiserast for Hordaland.
9. Fylkestinget merker seg at utsleppa frå 7 kvotepliktige industriverksemdar står for nesten 60 % av alle utsleppa frå Hordaland. Fylkestinget er bekymra for at reduksjonen i utsleppa deira ikkje skjer raskt nok til å nå måla. Fylkestinget ber om informasjon frå verksemdene om kva dei kan og vil gjere for å redusere sine utslepp.
10. Fylkestinget ber om at det i det vidare arbeidet med Klimaplanen og handlingsprogrammet vert prioritert å utarbeida ein strategi for bioøkonomi i Hordaland i samsvar med den nasjonale strategien. Som ein del av denne strategien skal fylkeskommunen vere ein pådrivar for at bruk av biogass skal verte eit reelt alternativ for aktørar i transportbransjen